

Høyringsuttale – kommuneplanen sin arealdel 2026–2036

Stord Næringsråd viser til utsending om 2. gongs offentleg ettersyn av kommuneplanen sin arealdel 2026–2036, med høyringsfrist 10.07.2026.

Stord Næringsråd organiserer eit breitt næringsliv i regionen og arbeider for gode rammevilkår for verdiskaping, sysselsetting og attraktivitet i Sunnhordland.

SNR ønskjer først å understreka at me er glade for at innspel frå næringslivet er teke omsyn til i planarbeidet. Den breie medverknaden og dialogen i prosessen har styrkt grunnlaget for planen, og viser vilje til å leggja til rette for vidare utvikling av næringslivet i kommunen.

Tilgang på næringsareal

Tilgang på tilstrekkelege og eigna næringsareal er avgjerande for vidare vekst og utvikling i regionen.

SNR forventar at kommuneplanen legg til rette for:

- tilstrekkeleg areal til etablering og utviding av eksisterande verksemder
- differensierte næringsareal som tek omsyn til ulike behov (industri, logistikk, sjørelatert næring m.m.)
- føreseielege rammer for utvikling og investeringar

Det er viktig at det vert oppretthalde og utvikla areal som kan ta imot framtidig vekst, og at ein unngår å skapa mangel på sentrale næringsareal over tid. Vidare er det viktig at vi har differensierte areal med forskjellige kvalitetar. Dette synes no å vera godt ivareteke i planen som no ligg ute til høyring.

Vidare ser SNR positivt på at det vert lagt til rette for næringsareal som kan gje tilgang på næringar som også vil gje inntekter direkte til kommunen, herunder kraftanlegg, akvakultur mm.

Samferdsel og infrastruktur

God transportinfrastruktur er heilt sentral for konkurransekrafta til næringslivet på Stord.

SNR vil særleg peika på:

- E39 over Stord
 - Fylkesvegar og kommunale vegar som saman med E39 gir ei heilskapeleg transportløyising i kommunen
- Avsetjing av areal til mogleg ferjekai og tilførsleveg i tråd med VLFK sine anbefalingar dersom ferjekai ved Djupavika ikkje lar seg realisere
- Samanheng mellom arealplanlegging og utvikling av veg- og transportstruktur
- Tilrettelegging for effektive knutepunkt for næringsliv og arbeidsmarknad
 - Bussterminal og parkeringsløyising i Leirvik sentrum

Bandlagde areal og reguleringsplanar

SNR ønskjer meir avklarte rammer knytt til areal som er bandlagde i påvente av reguleringsplanarbeid.

Det er eit viktig spørsmål for næringslivet kva som skjer med:

- areal som i dag er bandlagde gjennom reguleringsplan under arbeid
- areal som vert ståande uavklarte dersom reguleringsplanar ikkje vert gjennomførde eller vert oppheva

SNR ber kommunen om å klargjera:

- korleis slike areal vert handtert vidare
- om og korleis dei vert tilbakeført til anna føremål eller gjort tilgjengelege for utvikling

Stord Næringsråd meiner kommuneplanen er eit viktig verktøy for å leggja til rette for berekraftig vekst og utvikling i regionen.

For næringslivet er det avgjerande at planen:

- sikrar tilgang på næringsareal
- legg til rette for god samferdsel og logistikk
- skaper føreseielege rammer for framtidig utvikling
- Har nødvendig fleksibilitet for framtidige næringar som kan vera med på å danne eit meir differensiert næringsgrunnlag for kommunen.

SNR ser fram til vidare dialog med kommunen i det vidare planarbeidet, og takkar for det grundige arbeidet som til no er gjort.

Med helsing



Torbjørn Brosvik
Dagleg leiar
Stord Næringsråd